

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Eining for eigedom	Therese Urdahl Braseth
	Arkivnr.: 14/3130	Klassering:

Godkjenning av byggeprogram for tilbygg Leiknes skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet slik det ligg føre.
2. Kommunestyret godkjenner oppstart av forprosjekt.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Leiknes skule har i dag grunnskuleundervisning for 1.-7. trinn. Det er per i dag 172 elevar ved skulen, og skulen er fulldelt.

Leiknes skule har hatt auke i elevtalet dei siste åra, og denne trenden er venta å halde fram gjennom heile prognoseperioden mot 2029/2030. Elevtalet på skulen er venta å auke med om lag 75 elevar fram til 2029/30. Samanlikningsfiguren, figur 1, viser at faktisk elevtal dei siste åra har vore rimeleg likt med 2009-prognosen.

Klassedeling vil truleg tre inn i løpet av 2016, og vil vere aukande for fleire av trinna i åra framover. Skulen har i tillegg høgare tal elevar pr. trinn enn tidlegare prognose viste.



Det er berre nynorsk ved skulen.

Elevtalsprognose Leiknes skule

(med faktiske elevtal frå skulen tom skuleåret 14/15)

	Prognose →																												
	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30									
1. årstrinn	19	24	26	20	23	28	24	22	34	26	31	29	30	28	30	31	32	33	34	34									
2. årstrinn	17	19	24	27	21	23	30	26	24	36	28	33	31	32	30	32	33	34	35	36									
3. årstrinn	25	20	18	21	27	21	22	29	25	24	35	28	32	30	31	30	32	33	33	35									
4. årstrinn	20	25	25	19	21	30	22	24	31	27	24	36	28	32	30	32	30	32	33	34									
5. årstrinn	23	22	25	24	19	21	30	22	23	30	26	24	35	28	32	30	31	30	32	33									
6. årstrinn	6	23	22	23	24	20	21	29	22	23	30	26	23	35	27	32	30	31	29	31									
7. årstrinn	15	5	23	22	23	24	20	21	29	22	23	30	26	23	35	27	32	30	31	29									
sum 1-7	125	138	163	156	158	167	169	173	188	188	197	206	205	208	215	214	220	223	227	232									

Tabell 1 – Elevtalprognose Leiknes skule, Norconsult 22.02.15



Figur 1 og 2 – Elevtalprognose Leiknes skule, Norconsult 22.02.15

1) Avgrensingar

Omfattar tilbygg, ombygging, tilhøyrande parkering/uteareal.

Vurdering:

Prosjektgruppa har utarbeida ein prosjektplan i tillegg til byggeprogram. Prosjektplanen skal ikkje handsamast politisk, men utdrag av prosjektplanen er tatt med her.

Byggeprogram

1.Funksjonsprogram

1.1 Generelt

Rådmannen vil, basert på prognosane, utvide elevkapasiteten frå 190 til inntil 300 elevar, med tilhøyrande lærararbeidsplassar, grupperom og elevgarderobar.

Ei skule med inntil 300 elevar skal dimensjonerast med omlag 15 nye årsverk. Dette treng ikkje generere 15 arbeidsplassar for lærarar, då nokre av desse årsverka er assistentar.

Prosjektgruppa har lagt til grunn eit tilbygg med totalt 550 m² og eit rehabilitert område på 245 m². I tillegg må taket på eksisterande bygning hevast for å gje plass for nytt tilbygg. Her er det tenkt at teknisk anlegg skal plasserast. Totalt ca. 250 m².

Behovet er lagt fram i romprogrammet.

1.2 Kapasitet uteareal

Nytt tilbygg vil gå inn i utearelet som skulen nyttar i dag. Prosjektgruppa må vurdere naudsynt ivaretaking av dette.

1.3 Kapasitet parkering

Utvinding av skulen vil føre til auke i tal på parkeringsplassar. Det er knytt usikkheit til tal plassar og plassering av disse. Dette kan krevje dispensasjon frå gjeldande reguleringplan/føresegner. Dette vil bli søkt ivaretatt i søknadsprosessen, men er eit kritisk element i byggjesaka.

2 Romprogram

Romprogram (Bruksareal/BRA)

Nytt tilbygg 1. etasje		Nytt tilbygg 2. etasje	
Utv.gard	5 m2	Klasserom	71 m2
Vindfang	9 m2	Klasserom	67 m2
grupperom Alt. SFO kontor	18 m2	Klasserom	68 m2
Klasserom	67 m2	Grupperom	18 m2
Grupperom	10 m2	Garderobe	56 m2
Garderobe	37 m2	Garderobe	54 m2
Garderobe	11 m2		
Møte/stillerom	10 m2		
Møterom	27 m2		
WC	5 m2		
HC/WC	7 m2		
Gang	9 m2		
	215 m2		335 m2

SUM 1. og 2. etg nytt

550 m2

Ombygg eksisterande 1. etg		Ombygg eksisterande 2. etg	
4 lærerarbeidsplassar	23,1 m2	2 lærerarbeidsplassar	13 m2
		WC	3 m2
		WC	3 m2
		WC	2,8 m2
		WC	2,4 m2
		HC/WC	4,6 m2
	23,1 m2		28,8

Garderobe og korridorer **193,1** m²

SUM 1. og 2. etg ombygg **245** m²

Teknisk rom **50** m²

3 Tomteval

Leiknesvegen 117, 5915 Hjelmås

G.nr 195 B.nr 76, hjemmelshaver/eigar Lindås kommune

Reguleringsplan: Arealplan-ID: 1263-201008, Leknes skule med omkring liggjande areal.
Reviderte føresegner den 30.06.2010, jf. vedtak i kommunestyret den 28.10.2010, sak 94/10.

3.3 Konsekvensar knytt opp mot ei eventuell endring av reguleringsplan

Prosjektgruppa er kjent med at det må søkjast om dispensasjon frå reguleringsplan med omsyn til utnyttingsgrad, byggjegrænse og med omsyn til parkeringsplassar.

Kompenserande tiltak vil vere gode prosessar i forkant av søknad.

4 Offentlege godkjenningar knytt til tomt, vatn, avløp og kraft

Ivaretatt

5 Finansiering

Kostnader til dette prosjektet vert tatt frå investering skulebygg i samsvar med økonomiplan 2017-2020, investeringsbudsjett pkt. 10 investering skulebygg.

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjektkostnad	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017- 2020
Investering skulebygg	Løpande	20 500	5000	5000	5000	35 500
Økonomiplan 2017-2020 KO 16.06.16 ArkivsakID 16/1808						
Leiknes skule tilbygg 2017	20 500	15 500	5000			20.5 mill.

Kostnadene som skal dekkast av rammene kan delast inn i:

- Prosjekteringskostnader
- Interne kostnader
- Bygg- og anleggskostnader
- Tilknyningskostnader, kommunale kostnader
- Trafikkanlegg/Parkering
- Risikomargin

6 Kvalitetskrav

Gjeldande teknisk forskrift vert nytta.

Prosjektet vil ha fokus gode løysingar med omsyn til behov og funksjon, materialkvalitetar samt fokus på driftskostnader (LCC).

7 Val av entrepriseform

Totalentreprise. Prosjektet vil vurdere om det er teneleg med ei todelt totalentreprise. Ein for bygningsmessige arbeidar, og ein for tekniske fag.

8 Framdriftsplan for prosjekterings - og byggjeprosess

Tabellen under gjer eit oversyn over prosjekts hovudmilepælar.

Milepæl nr	Milepæl	Dato	Ansvarlig	Kriterier for oppnådd milepæl
HMP1	FO/KO Prosjektmandat hele prosjektet Godkjenning av byggeprogram	01.09.16/15.09.16	PL	Godkjente vedtak
HMP2	Skisseprosjekt	15.09.16	PL	Skisseprosjekt vert normalt berre handsama administrativt, som grunnlag for utarbeiding av forprosjektet.
HMP3	Forprosjekt Eit konkret framlegg til funksjonskrav og utforming av prosjektet.	20.10.16 FO	PL	Forprosjektet blir framlagt til formannskapet til godkjenning (evt. etter handsaming i politisk styringsgruppe). Dersom dei vedtekne rammene ikkje held, må saka vidare til kommunestyret.
HMP4	Kontrahering	Orientering FO Februar/Mars 2017 FO (evt. KO)	PL	Prosjektleiari vurderer innkomne tilbud saman med prosjektgruppa, og legg fram innstilling på val av entreprenør. Prosjektleiari kan innanfor vedteken økonomisk ramme kontrahere entreprenør og starte opp byggearbeida. Tilbodsresultatet skal leggjast fram for formannskapet og evt. politisk styringsgruppe som referatsak.
HMP5	Byggestart	April 2017	PL	
HMP6	Ferdig bygg	April 2018	PL	
HMP7	FO/KO Sluttregnskap	Ila 2018	PL	

9 Prosedyre for innkjøp av inventar og utstyr

Innkjøp av inventar og utstyr via kommunens rammeavtale, eller innhente pris ved å ha ein priskonkurranse (anbodskonkurranse).

.....

Vedlagte saksdokument:

Arealplankart Leiknes skule

125217

18.08.2016

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost